



## Referat frå elevrådsmøte for 8-10, 20.10.22

---

Desse møtte:

Elevrådsrepresentantar 8. trinn: Benjamin Aaberg-Fjell, Martine Thingnes,  
Emma Christell Håvik Fureli, Sebastian Bergby Carlsen

Elevrådsrepresentantar 9A: Nemi Angelica Vigdal, Nikoline Hylland Fitje

Elevrådsrepresentantar 9B: Deltok ikkje pga framføring i musikk

Elevrådsrepresentantar 10A: Eirik Sunde Reiakvam, Snorre Helgheim Thingnes

Elevrådsrepresentantar 10B: Mari Stuhaug Larsen, Pernilla Taule Leikanger

## SAKSLISTE

**Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 20.10.22, og referat frå møtet 04.10.22 godkjent**

### Sak 2: Advent og jul

- Omvendt adventskalender – Kva skal pengane gå til? Barnekraft foreininga
- Julepyntkonkurranse
  - o Pynting frå 1.desember – 16.desember. Dommarane avgjer vinnarar måndag 19.desember. Vinnar blir offentleggjort tysdag 20.desember
  - o Pynting slik at ein får julestemning, det skal vere ryddig og berekraftig.
  - o Bestemme dommarar og premie på neste møte.

### Sak 3: Spørsmål om å få gå på butikken i matfri

- Rektor deltok på denne saka.

Elevrådsrepresentantane kom med ulike argument for kvifor ein bør få gå på butikken. Rektor kom med nokre svar, og fekk stille oppfølgingsspørsmål.

Konklusjon:

Elevrådsrepresentantane på 10.trinn tek ansvar for å lage ei sak til FAU, der dei presenterer argument og lagar ein plan for korleis ei gjennomføring av dette kan gjerast. Saka må sendast til rektor, via Else, måndag 24.oktober.

Rektor sender saka vidare til FAU, som ev sender den vidare til SU, som skal ha møte 3.november.

### Sak 4: Informasjon/saker frå Sunnfjord ungdomsråd

- Mari og Pernilla var på møte 17.oktober. Dei informerer
- Mulig og søke om midlar frå ungdomsrådet, frist 30.oktober. Sjå link for meir informasjon [Ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom - Sunnfjord kommune](#)



# Sunnfjord kommune

*Elevrådet ungdomssteget*

## **Sak 5: Helseveka**

Før 9.november må klassane ta opp helseveka som sak. Kvar klasse sender forslag til Elise på temadagar og aktivietar ein kan ha.

## **Sak 6: Saker frå trinna**

Fellesaktivitet: Fag som kan vere aktuelt å ha med: gym, mat og helse, kunst og handverk

## **Sak 7: Saker som har komme til**

- Minne 9. og 10. om at ingen må skru av kjøleskapet
- Minne om reglar for innefriminutt – heng i alle klasserom

Martine Thingnes

Referent